

Administrasjonen har drøfta søknaden om dispensasjon, og vil visa til at omsøkt stad i kommuneplanen sin arealdel av 2011 er lagt ut til byggjeføremål med krav om reguleringsplan gjeve i punkt 1.1 i føresegnene. Vidare vil ein visa til at det vart gjeve dispensasjon i plan- og miljøutvalet den 01.06.2011, sak 128/11 for makeskifte, slik at tomteareal vart redusert i nord og vart utvida ut mot LNF- området i sør. I denne saka vart premissane for framtidig bygging på arealet lagt.

Drøfting knytt til plankravet:

Ein vil visa til at dette byggjeområdet på Myking i stor grad er bygd ut, og at det i utgangspunktet ikkje er behov for reguleringsplan for å byggja ein einebustad på denne staden. Tomta er på over 1,5 dekar og vil tilfredstillast krava til byggjetomt som er gjeve i føresegnene til kommuneplanen med omsyn på parkeringsareal, uteopphaldsareal og tomteareal.

#### Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegnene fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulemper. Det skal leggjast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Fordelene ved å gje dispensasjon er såleis:

Konklusjon:

Administrasjonen meiner at søknaden ikkje har vesentlege ulemper, og at søknaden ikkje kan skapa uheldig presedens eller på anna måte svekka den nye arealdelen som styringsreiskap. Me vurderer difor etter ei samla vurdering at fordelene er større enn ulemper, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2.